

Miljøverndepartement

Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo

Dagali/ Rauland, 2.12. 2013

Grunneigarstyrd forvalting av verneområde

Me er kjende med at i regjeringsfråseigna er sagt at ein vil få i gang ei prøveordning med eit tiltak som nemnt. Me melder her at me er interesserte i at dette blir gjennomført på Hardangervidda.

Verneområda på Hardangervidda femner både om privat grunn og statsålmennig. Me legg til grunn at for statsålmenningane sin del vil det vera tale om å involvere dei lokale fjellstyra - som administrerer bruksrettane - og ikkje Statsskog.

9. januar er fastsett eit møte mellom oss og ordførarane i dei kommunane (sju) dette gjeld. Straks etter det vil me koma attende til saka, med ynskje om eit møte med politisk leiing i MD. I ein slik samanheng vil me då taka opp dette spørsmålet, og andre spørsmål relaterte til verneområda på Hardangervidda.

Vebjørn Håvardrud (sign.)
leiar, Fjellstyra på Hardangervidda
Grunneigarsamskipnad

Johan Vaa (sign.)
leiar, Hardangervidda

Kopi til:

Solfrid Borge, ordfører i Ullensvang og leiar for Ordførarutvalet for H.v.
Fjellstyresambandet